

## Informasjon til barnehageforeldre

Før barnehagane vart stengde i Noreg vart det ikkje registrert noko kjent smittespreiing mellom born i barnehagar. Samanlikna med vaksne er få born identifisert som smitta i Noreg og verda elles. Born og unge har så langt vist seg å ha svært låg risiko for alvorleg sjukdom med koronavirus. Dette er lågare enn for andre luftvegssjukdomar som born kan verte råka av, til dømes influensa og RS-virus.

### Det er trygt for born å gå i barnehagen

For å avgrense smitte har vi no sett i gang ei rekkje tiltak i barnehagen. I perioden framover vil vi vere ekstra nøye med å tryggje godt smittevern. Dette avheng av at vi alle gjer ein innsats og følgjer dei nye råda. I barnehagen vil vi vere spesielt opptekne av å:

- vaske hender og følgje opp borna slik at dei lærer gode rutinar for handvask
- ha godt reinhald i barnehagen
- vaske leiker jamnleg
- vere ekstra mykje ute med borna i tida framover
- ha mindre grupper av born som er saman med faste tilsette

### Barnehagen skal framleis gi omsorg til borna

Vi skal framleis ta vare på borna sine behov for fysisk omsorg og sørgje for at alle born opplever tryggleik, å høyre til og trivsel i barnehagen. Kos og trøyst er framleis viktig for borna.

### Viss barnet ditt ikke kjenner seg bra

Har barnet ditt symptom på sjukdom, også milde symptom, skal de ikkje kome i barnehagen. Det er ekstra viktig no at borna er heime i minst eitt døgn etter at dei har blitt symptomfrie. Foreldre som har luftvegssymptom, skal ikkje følgje eller hente born i barnehagen. Har foreldre eller nokon andre i husstanden fått påvist sjukdom med koronavirus, skal de heller ikkje kome i barnehagen. Viss barnet blir dårleg i barnehagen, må de hente barnet så fort det let seg gjere.

### Foreldre skal helst ikkje bli med inn i barnehagen

Vi prøver så langt det let seg gjere å ta imot borna ute. Born bør ha uteklede når dei kjem i barnehagen.

### Ikkje ta med leiker heimanfrå

Borna skal ikkje ta med eigne leiker heimanfrå. Viss barnet ditt har ein eigen kosebamse for å sove, kan de ta med denne. Men det er ekstra viktig at han ikkje vert delt med andre born i barnehagen.

Handvask er like viktig heime som i barnehagen. Vask hendene før de kjem i barnehagen, og med ein gong de kjem heim. Vi oppfordrar til at borna er saman med få andre born på fritida, og at leik helst går føre seg ute.